



Hallvard Mæland syner fram roboten med undervasskamera.

All inspeksjon på lodd, fortøyningar, sjaklar og tauverk i båthamna til Uskedal Båtlag vert no gjort med undervasskamera. UVS Vest as frå Øystese var på fredag i førre veke leigd inn for å gjera ein grundig jobb med tilstanden under vatn. Med robot og kamera vert alle lodd og fortøyningar ettersett og tilstanden dokumentert, dette for å ivareta sikkerheten og ha alt på stell om noko uventa skulle skje.

Brørne Hallvard og Magnus Mæland driv eige firma. Dei tek oppdrag både for privatmarkedet, båtlag og for det offentlege, som til dømes i gjestehamnene for Kvam herad. Arbeidet med inspeksjon av om lag 30 lodd i Uskedalen er gjort unna på nokre timar. Kunden får tilsendt tilstandsrapport, skisse og filmene på minnepinne. Dokumentasjonen kan vera eit godt grunnlag når styret og medlemene vil iverksetja tiltak. Særleg viktig er det i fall det vert ei forsikrings sak etter ein skade eller eit uhell.

UVS Vest tilbyr alt frå vanleg inspeksjon til å henta opp gjenstandar som søkk. Det vert gjort med ei klauv som trer eit tau eller ein kjetting i ein krok. Det er vanleg å henta opp påhengsmotorar på denne måten. Firma har også oppdrag med ettersyn og reperasjonar av sjøkablar.



[På ein vanleg PC føl Mæland med på operasjonen. Alt vert filma og dokumentert.](#)

Til vanleg vert båt, Bella 19 fot, og utstyr frakta fram til kunden på ein bilhengar. I fint og roleg ver gjekk Hallvard Mæland sjøvegen. Med marsjfart på 23 knop gjekk turen frå Øystese til Uskedalen unna på 1,5 time. Til vanleg jobbar han off shore og er kjend med denne type arbeid frå oljerelaterte næringar i Nordsjøen.

Med dette er det truleg mest slutt på fysisk dykking, slik det har vore i Uskedale til no. Kåre K. Rød og Leif Jarle Bergstø har i mange år vore Uskedal Båtlag sine faste dykkarar.

UVS Vest tek gjerne andre oppdrag i Uskedalen. Avstanden frå Kvam til Kvinnherad er ikkje noko problem. Du finn firma på Facebook og med eiga heimeside.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Med ei klauv kan ein gjera enkle arbeidsoperasjonar. Det mest vanlege er å tre i tau eller setja på ein krok.